



REFERAT FRÅ SKIPINGSMØTE SENIORNETT EID

Møtestad: Kringla Eid Frivilligsentral

Møtetid: Fredag 09. september kl. 14.00 - 15.00

Tilstade: Ågot R. Myklebust, Ester Englund, Edith Reksnes, Oddny Orheim, Astrid Henden (Eid Pensjonistlag), Alhild B. Sørland, Kanutte Alsaker, Nelly Nord, Helga Taklo, Solgunn Leivdal, Wilhelm Nitter-Thorsen, Nils Eivind Rognes, Kirsten G. Hammesvik, Kjellaug Isane Fure, Jetmund Englund, Knut Hildenes, Sigurd Rønnekleiv, Dagny Rønnekleiv, Kirsti Os Utnes, Astrid G. Torheim (Eid Frivilligsentral), Burakhan Uzunali (Eid Frivilligsentral)

Sak 1 Skiping av Seniornett Eid

Godt over 20 medlemmer har meldt seg til å vere med i klubben. Vi har lokale å bruke på Kringla - Eid Frivilligsentral. Gruppa kvaliferer til å skipe ein seniornettklubb etter dei kriteria som Seniornett Norge har sett.

Vedtak: Seniornett Eid vart skipa fredag 9. septeber 2011 kl. 14.20.

Sak 2 Val av styringsgruppe

Det vart vald ei styringsgruppe som styrer klubben fram til over nyttår. Då vert det halde ordinært årsmøte. Styringsgruppa skal ha ein kontaktperson til Seniornett Norge og ein kassarar.

Vedtak: Marit Botn Lefdal, Sigurd Rønnekleiv, Wilhelm Nitter-Thorsen og Solgunn Leivdal utgjer styringsgruppa for Seniornett Eid fram til nyttår. Solgunn Leivdal tek på seg vervet som kassarar. Styringsgruppa konstituerer sjølv ein kontaktperson til Seniornett Norge.

Sak 3 Godkjenning av vedtekter

Skipingsmøtet godkjende følgjande vedtekter:

1. Foreningens navn

Foreningens navn er Seniornett Eid

2. Foreningens formål

Foreningens formål er å arbeide for seniorers deltagelse i IKT-samfunnet

3. Medlemskap og kontingent

Alle som vil være med å fremme foreningens formål kan bli medlem

4. Lokale klubber

Lokale klubber er frittstående enheter av Seniornett Norge. Vi har eget styre og våre vedtekter samsvarer med Seniornett Norges retningslinjer for lokale klubber. Klubbens medlemmer er personlige medlemmer av, og betaler kontingent til, Seniornett Norge. En

andel av klubbmedlemmenes kontingent tilfaller klubben. Alle medlemmer er registrert i Seniornett Norges medlemsregister.

Klubben er ikke regnskapspliktige til Seniornett Norge. Klubben har selv skaffet lokaler og PC-er til bruk i undervisningen.

Anskaffelse av nytt utstyr står Seniornett Eid selv for

5. Styret

Klubben ledes av et styre på 5 medlemmer 2 varamedlemmer og en valgkomité på 3 medlemmer som er valgt av årsmøtet

Sak 4 Aktivitet framover

Det vart drøfta kva aktivitet klubben skal ha framover. Det er 3 grupperingar som merkar seg ut; dei som er heilt nye i dataverda, dei som treng å repetere litt, og dei som er mest interessert i biletebehandling. I tillegg er gruppa forplikta til å arrangere Seniorsurfdagen 29. september. Seniornettentusiast Monrad Kolstad frå Førde er interessert i å vitje gruppa og Joop Cuppen frå Seniornett Norge kan også tenkje seg å kome. Dei som var tilstade på møte skreiv seg på liste over kva interessefelt dei høyrer til.

Vedtak: Ut frå det som kom fram på møtet lagar styringsgruppa ein aktivitetsplan fram til nyttår.

Møtet slutt!

Nordfjordeid 20.09.2011

Astrid G. Torheim
Eid Frivilligsentral
- referent-

